

MOMENTLISTE - dommaren si vurdering av advokatfullmektigar/ferske advokatar

Advokaten skal seinast før hovudforhandling varsle dommaren om at ei slik vurdering er ønskeleg. Vurderinga skal giast etter at det er sagt dom i saka, innan relativt kort tid. Dette er eit hjelpedokument for dommaren, og advokaten har ikkje krav på å få sjå det utfylte skjemaet.

SAKSFØREBUINGA	
Var kvaliteten på stemninga/tilsvaret og prosesskriv tilfredsstillande?	
Var handteringa av planmøte og eventuelle prosessuelle spørsmål på dette stadiet tilfredsstillande?	
HOVUDFORHANDLINGA	
Disposisjon av saka: Blei dei sentrale spørsmåla i saka løfta fram på ein god måte?	
<u>Generelt om framstillinga:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Den munnlege framstillinga • Svar på spørsmål frå retten • Tempo i framføring av innleiingsforedrag/prosedyre og i avhøyr • Tidsbruk, inkludert forholdet til framdriftsplanen • Kvalitet på eventuelle skriftlege disposisjonar og hjelpedokument 	
<u>Saksframstillinga – innleiingsforedraget:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Blei dette gjort på ein forståeleg måte? • Var framstillinga relatert til dei spørsmåla saka reiste? • Var dokumentasjonen høveleg utan unødig opplesing? • Unngikk advokaten vidløftiggjering og unødig argumentasjon (prosedyre) 	
<u>Parts- og vitneavhøyr:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Var det høveleg og relevant tilbod av parts- og vitneforklaringar? • Gode spørsmål til eigne vitne? • God krysseksaminasjon av vitne som var tilbodne av motparten? • Konsentrerte advokaten seg om dei sentrale spørsmåla i avhøyra? 	
<u>Argumentasjonen/prosedyren:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Var konsentrert om det sentrale? • Var argumentasjonen poengtert og logisk? • Passe argumenterande? • Blei motparten sin argumentasjon imøtegått? • Blei relevant rettskjeldemateriale gjennomgått på ein instruktiv måte? 	
<u>Replikk/Duplikk:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Blei det kravd replikk? • Var det nødvendig/forståeleg? • Blei det kravd duplikk? • Var det nødvendig/forståeleg? 	